



Hareid kommune  
Rådhusplassen 5  
6060 HAREID

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Sissel Hol, 71 25 84 49

## Høyringsuttale - formannskapet sin innstilling til årsbudsjett og økonomiplan for 2025-2028

Vi viser til innstillinga frå formannskapet, i sak 149/24 den 25. november, om årsbudsjett og økonomiplan for 2025-2028. Statsforvaltaren skal følge opp kommunar som er på ROBEK og eit av tiltaka er å gi høyringsuttale til formannskapet sin innstilling til årsbudsjettet som er lagt ut til alminneleg ettersyn.

### Hareid sin krevjande økonomi

Hareid kommune har dei siste åra hatt større driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette resulterte i at kommunen fekk eit meirforbruk på 36 millionar kroner i 2023. Tala hittil viser at det går mot eit enda større meirforbruk i drifta på 53 millionar kroner for 2024. Det akkumulerte meirforbruket vil da vere oppe i om lag 90 millionar kroner. Disposisjonsfondet er tomt og den planlagde nedbetalinga av meirforbruket må skubbast på.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) samanlikna med KS-prognosemodell, basert på oppdaterte tal frå 4. november, viser at kommunen budsjetterer litt i overkant av denne. Dersom inntektsoverslaget lagt til grunn i budsjettet likevel ikkje ser ut til å halde, må kommunen raskt identifisere avviket, og iverksette mottiltak for å oppretthalde budsjettbalansen til årsslutt.

For å skaffe kommunen eit handlingsrom, er det heilt nødvendig å gjennomføre tiltak som reduserer utgiftene og aukar inntektene. Dette må og bidra til å styrke disposisjonsfondet for å få ein meir berekraftig økonomi på sikt.

Det framlagte budsjettet viser at Hareid har ein særskrevjande økonomisk situasjon og at det er stort behov for å redusere driftsutgiftene eller få opp inntektene. Sjølv om det er lagt inn tiltak for å få ned driftsutgiftene, så må Hareid ta større grep og jobbe med omstilling i fellesskap for å få balanse mellom inntekter og utgifter.

### Hareid som ROBEK-kommune

Hareid vart meldt inn på ROBEK med bakgrunn i at kommunen hadde eit oppsamla meirforbruk frå driftsrekneskapen som var større enn 3 prosent av driftsinntektene, jf kommunelova § 28-1 bokstav d. Det oppsamla meirforbruket til Hareid var på over 6 prosent av driftsinntektene.



Det er eit grunnleggande krav i kommunelova at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretaken over tid. I det ligg det at kommunen skal sørge for ei langsigkt økonomiforvaltning som er berekraftig over tid. Budsjett og økonomiplan skal vere realistiske og i balanse. Gjeld skal forvaltaast på ein måte som ikkje inneber ein finansiell risiko.

Økonomien til Hareid har ikkje blitt forvalta på ein slik måte dei to siste åra sidan driftsutgiftene har vært langt større enn inntektene over tid utan at naudsynte grep har blitt tekne.

Det er vedteke at budsjettrapportering skal skje jamleg til formannskapet, og rapporterast til kommunestyret minimum kvart tertial 30.04 og 31.08. Statsforvaltaren rår til at det vert rapportert oftare på grunn av den alvorlege økonomiske situasjonen til Hareid. Her trengs det tett oppfølging mot budsjett og full kontroll på den økonomiske stoda gjennom heile året.

### Tiltaksplan

Alle kommunar som er på ROBEK skal vedta ein tiltaksplan som sikrar at økonomien kjem i balanse igjen, jf kommunelova § 28-4 andre ledd. Det er lagt inn inndeikning av meirforbruk i budsjett og økonomiplanen, men Statsforvaltaren gjer merksam på at Hareid er i ein svært alvorleg økonomisk situasjon og at det vert forventa at inndeikninga må komme godt i gang allereie frå 2025 med meir enn det som ligg inne i budsjettet. Dette med grunnlag i at Hareid også for 2024 går med stort meirforbruk som også skal dekkast inn dei komande åra.

### Investeringar og lånegodkjenning

Vi har i tidlegare i møte med toppleiinga og formannskapet i Hareid signalisert at kommunen vil få godkjent lån til investeringar der det er inngått kontrakt og som kommunen ikkje kan kome seg ut av. I tillegg vil vi godkjenne lån som er knytt til lovpålagte investeringar. Startlån og lån til VAR vil bli godkjent, men lån utover dette må kommunestyret ta stilling til om det er riktig tidspunkt no. Om kommunen ikkje følger tiltaksplanen for inndeikking av meirforbruket, så vil låneopptak bli ytterlegare stramma inn i åra som kommer.

### Oppsummering

Hareid kommune er i ein alvorleg økonomisk situasjon som har fått fortsette over tid utan at nødvendige grep har blitt tekne.

Statsforvaltaren vil understreke at kommunestyret, som det øvste organet i kommunen, har ansvaret for den økonomiske styringa og situasjonen. Det er kommunestyret si rolle og oppgåve å sørge for at kommunen held seg innanfor dei økonomiske rammene. Vi forventar at kommunestyret tek i bruk dei verkemiddel dykk rår over for å gjevinne økonomisk balanse. Kommunen sin evne og vilje til å få økonomisk balanse vil vere eit sentralt element i seinare vurdering når Statsforvaltaren gjer lovlegkontrollen av budsjettet.

Med helsing

Rigmor Brøste(e.f.)  
Ass. statsforvaltar

Sissel Hol  
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent